

KYRKJEBLAD

For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen



Frå jolevandring med Kviteseid barnehage

*«Se, barna går foran, glad i flokk,
så kvinner og menn, så kvinner og menn.
Selv skjelvende gamle tar sin stokk:
Til krybben hen, til krybben hen!»*

(2. vers av salmen: Nå vandrer fra hver
en verdenskrok, Tekst: Jonas Dahl.)





Kyrkjetrappa

KYRKJEKONTORET I KVITeseid

Telefon: 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid
www.kviteseid.sokn.no



Kyrkjeverje

Kristen Salmelid
Kontor tlf: 35 06 81 31
Mobil tlf: 97 04 78 60
post@kyrkjetrappa.no



Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Håkon Heggtveit
Mobil tlf: 91 18 37 50



Sokneprest

Møyfrid Lunde
Kontor tlf: 35 06 81 32
Mobil tlf: 46 90 72 31
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Jan Haugen
Mobil tlf: 91 12 02 48
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Organist

Olav Holm
Mobil: 93 40 11 56
organist@kyrkjetrappa.no



Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Bjørn Stian Sigurdslid
Mobil tlf: 97 07 87 71



Trusopplærar og kyrkjelydssekretær

Knut Ove Lofstad
Kontor: 35 06 81 28
Mobil tlf: 99 61 65 26
tru@kyrkjetrappa.no



Prostidiakon

Eilev Erikstein
3880 Dalen
Mobil tlf: 91 11 35 80
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.
Framsida: Frå jolevandring med Kviteseid barnehage i 2021. Foto: Kviteseid barnehage
Utforming og trykk: ETN Grafisk

Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648
Vipps: 3850 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

ANDAKT

Deilig er jorden?

Rammene rundt årets julefeiring er annleis enn på svært mange år. Krigen i Ukraina truger freden i heile vår region. Vi opplev aukande fattigdom og stadig fleir som slit økonomisk med å få endene til å møtast. Klimakrisa set òg sine spor. Kan vi også i år syngje «Deilig er jorden» med dette bakteppet? Det verker vanskelegare om vi ser rundt kvarandre. Alt er ikkje så deilig som det var.

Denne salmen vart skriven berre nokre få veker etter at eit stort slag hadde funne stad i vårt granneland Danmark i 1850. Sytti tusen soldatar deltok, og mange døydde. Salmen kom først ut med tittelen «Pilegrimssong». Den er ei trassig protest, meir enn ei beskriving av verkelegheita vi lev i. Det siste verset sluttar med «Fred over jorden, menneske fryd deg! Oss er en evig Frelser født!»

Vi feirar jul fordi vi trur at det skjedde noko som fekk konsekvensar for vår urolige verd då Jesus vart fødd. Gud kom til jorda, og det endra vår situasjon.

I år er det åtti år sidan slaget om Stalingrad. Eit av dei største og mest avgjerande slagene under 2. verdskrig, fann stad. Kurt Reuber var lege og tenestegjorde i den 16. panserdivisjonen på tysk side. Han var òg ein gåverik amatørkunstnar. Like før jul i 1942 omgjorde han bunkeren sin på stepene nordvest for Stalingrad til eit atelier,

og begynte å teikne på baksida av eit erobra russisk kart – det einaste papirstykket han fann. Då teikninga var ferdig, hengde Reuber den opp i bunkeren. Biletet viser ei mor (madonna) som held sitt nyfødde barn tett inntil brystet sitt. Biletet blei eit alter for soldatane. Dei strøymde til, og dei fekk ei jul dei aldri gløymde.

På dette biletet står det òg tre ord som beskriv jula sitt innhald: Licht (Lys), Leben (Liv), Liebe (Kjærleik). Tre ord som beskriv han vi feirar i jula. Jesus er verdas lys. Eit annleis lys som gjer at vi ikkje treng å vandre i stummande mørke sjølv om jorda ikkje er så fager som den var fordi Jesus har lova å gå med oss. Om det lyset står det også: «Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det. (Joh. 1,5)».



Jula handlar òg om Guds store kjærleik. Jesus er kjærleik. Vist for alle når han gir sitt liv for sine vener. Kjærleik er verdas sterkaste kraft. Vi seier når vi feirar nattverd: «Deg være ære, for kjærleiken som er sterkare enn døden.»

«Eg er Livet», seier Jesus. Aller tydelegast bevist når han står opp frå dei døde. Livet sigrar til slutt. Det er ikkje dødskreftene som får det siste ordet likevel. Ved Jesu oppstandelse har vi fått eit levande håp.

På grunn av noko som skjedde i vår historie for litt over to tusen år sidan, kan vi på tross av det vi opplever rundt oss av krevjande kriser likevel synge «Deilig er jorden. Menneske fryd deg. Oss er en evig frelser født!»

Ei velsigna jul!

Stein Reinertsen
Biskop i Agder og Telemark

Hjelp ved vår siste reise

Samtale med Sverre Syftestad om gravferd og tenester

Av Olav Mosdøl

Livet har mange nyansar i spennet mellom liv og død, mellom glede og sorg. Me kan gjerne seie: «På reise i livet så treng me til venner/som deler vår glede og sorga vår kjenner.» Kyrkjebladet har fått høve til ein samtale med Sverre Syftestad, som er leiari ved Seljord gravferdsbyrå med kontor i Kviteseid.

– Korleis opplevest det å gje hjelp i bygda vår og nærområdet?

Sverre sit og skriv litt på arket sitt - og tenkjer seg om, før han svarar: – Det er snart 20 år sidan eg kjøpte gravferdsbyrået. Det var nok litt tilfeldig, men etter samtale overtok eg tenesta etter Gunstein Berge i Seljord. Eg hadde noko bakgrunn i marknadsføring og salsleing. Men denne oppgåva var nok annleis og større. Ein møter



Sverre Syftestad og sokneprest Møyfrid Lunde har hatt mykje samarbeid ved gravferder i Kviteseid.



Seljord gravferdsbyrå har hatt kontor i Kviteseid sentrum dei siste 20 åra.

folk på dei såraste punkta i livet. Å vere ei hjelpande hand i slike situasjonar har vore ein viktig jobb for meg. Ein må kunne lytte og gje råd i viktige samtalar. På ein måte står ein til teneste 24 timar i døgnet.

Varierte oppgåver

– Kva oppgåver tek eit gravferdsbyrå seg av?

– I dag er det vanlegvis eit gravferdsbyrå som tek hand om det praktiske i samband med ei gravferd. Då blir ein gjerne ringt opp av pårørende eller omsorgssentret kort tid etter dødsfallet. Ofte kan eg vere den fyrste som mange talar med, når nokon er død, fortel Sverre Syftestad. – Det kan gjelde henting, samtale med familien og vidare opplegg. Liket skal stellast og leggjast i kiste, som ved ei kyrkjeleg gravferd blir sett på plass ved kyrkja. Norske kyrkjegardar er opne for alle, uansett livssyn eller trusretning.

– Er det mange spørsmål som dukkar opp i samtalan?

– Det er fleire forhold å ta stilling til for pårørende i ei vanskeleg tid. Difor kan ein tilby samtalar når det er ønskjeleg. Desse

kan skje i heimen til pårørende eller på kontoret til byrået i Kviteseid. Det er viktig å gje oversyn om kva som skal skje, og kva som bør ordnast før gravferda. For familien er det også godt å få bestemme kva sere-
moni ein ønskjer. Spørsmål om annonse, salmar og musikk kjem også gjerne opp. Kyrkje og trussamfunn er som oftast naturlege val ved ei gravferd. Seljord gravferdsbyrå samarbeider difor tett med kyrkjene og andre trussamfunn i Vest-Telemark.

Gangen i ei gravferd

– Korleis skjer ei gravferd i den norske kyrkja?

– Ei gravferd i kyrkja er ei form for gudsteneste. Sermonien uttrykkjer sentrale punkt i den kristne trua; ein takkar for livet og overlet den døde i Guds hender. Dersom det er ønskje frå dei pårørende om avvik frå den faste liturgien, må det drøftast med prest og organist. Sermonien startar med preludium, salme, innleiande ord og ei bøn. Etter det framfører presten eller ein person for dei pårørende minneord. Vidare kjem andre korte helsingar, kransepålegging og opplesing.

– Kva skjer mot slutten?

– Det blir lagt inn ein salme eller musikkinnslag før presten les frå Bibelen og held ein kort tale ut frå skriftordet. Så blir det lese ei bøn, før alle bed Herrens bøn i lag. Ved kistegravferd blir kista boren ut under postludiet, og det er salmesong, skriftlesing, jordpåkasting og velsigning ved grava.

– I visse høve kan det òg vere tale om ein 'bisettelse'; det er uttrykk for ei gravferd der den døde skal kremerast. Då blir ikkje kista senka i jorda, men sendt bort til

kremasjon. Oska blir samla i ei urne, som blir sett ned i ein gravlund. Ei slik handling kan vere religiøs og skje i kyrkje eller kapell, leidd av ein prest.

Vandre tett på

– Korleis opplevest eit arbeid kring gravferd og tenester?

– Det verkar nok inn; ein kjem tett på livet og døden. Det er stadige skiftingar, og ein blir tydeleg klar over endringane i livssyklusen. At nokon døyr er like vanleg som at

barn blir fødd. Dei fleste dødsfall er eldre menneske, som døyr naturleg. Men ein del gonger skjer det ulykker eller heilt spesielle tilfelle. Då kan det vere mykje krevjande og gjev sterke inntrykk. Ein må øve seg i å leggje spesielle situasjonar til sides.

– Gjennom alt føler eg at dessa åra har vore ein viktig periode i livet. Men med endring av livssituasjonen min, ønskjer eg no å selje gravferdsbyrået, sluttar Sverre Syftestad.

Vi er her. Alltid.

22 40 00 40
kirkens-sos.no



En jul å

glede seg til

Mange familier går en tøff tid i møte.
Din støtte kan gi barn som «Ida» en tryggere jul.

VIPPS en gave til 13130
Gi på konto 3201 52 74165

 **Blå Kors**

Helsing til Kviteseid kyrkjelyd

For nokre dagar sidan feira flokken som er saman her i Etiopia, nattverd. Ein som har jobba lenge i Den norske kyrkja, forretta på nynorsk. Det tok meg tilbake til barn- domen og kyrkja i Kviteseid, og eg kjende meg takksam for oppveksten min i den vakre bygda og det fine kristne fellesskapet der.

Dette skoleåret har det vore fint å ikkje gjere noko nytt. Barna går på same skulen og vi bur på same staden. Fredrik held fram med å bite av vers for vers i bibelomsetjinga, og vi byrjar å sjå konturen av eit heilt fer- dig ny-testamente på tsamakko.

For meg, Karsan, har dagen blitt travlare, sidan eg sa ja til å hjelpe til med å vere teamleiar for organisasjonen i ein over- gangsfase. Det er mykje å gjere, men stas å sjå kor mykje utsendingane våre får bety på mange nivå her i landet. Menneske får hjelp, livreddande behandling for sjukdom, utdanning og utsikt til jobb. Somme får lære seg å handtere ein symaskin så dei kan livnære seg sjølv og familien. Andre får hjelp til betre avlingar. Ein ekstra dim- ensjon er det at mange også får møte Jesus, han som blei født for to tusen år sidan, men som også lever i dag! Møtet med barnet i krubba og frelsaren på krossen leier folk ut av mørket, til lys og fred, til håp om ei æve utan frykt og redsle, sjukdom og lidning.

Det folket som går i mørkret, ser eit stort lys. Over dei som bur i dødsskuggens land, strålar lyset fram. Jes. 9,2.



Møte med eldste-rådet i ein kyrkjelyd i Sør-Omo.

Vi ynskjer dykk alle ei riktig GOD JOL og GUDS SIGNING over det nye året!
Helsing Karen Elisabet og Fredrik, Nikolea, Aleksander og Jonatan Hector i Etiopia

Tilbake på Filippinene

Etter meir enn to og eit halvt år er eg endeleg tilbake til det som etter kvart er blitt min andre heim. Det er godt å møte dei gamle på gamleheimen, borna på barneheimen, personalet i Håpets Havn, på sjukehuset og ute i slumområda. Staben vår har hatt store utfordringar i denne vanskelege tida, men har takla det på ein flott måte.

Eg ynskjer dykk alle i Kviteseid god jol og ein god vinter. På gjensyn neste år, og tusen takk for at de tek oss med i kyrkje-bøna. Det treng vi.



*Beste helsing
Gunhild Dobbe*

Konfirmantovernatting og kick-off



Dei nye konfirmantane har vært på overnattingstur til Lønnegrav i Vrådal. Vi var heldige med været og fekk mykje ut av døgnet vi var der både innomhus og utan-

dørs. Etterpå dro vi saman til kick-off i husdyrhallen i Seljord og traff konfirman-tar frå heile Øvre Telemark.

JOLEGÅVE som varmar

Vi har alle det siste året kjent på dei høge straumprisane, og mange er uroa. Heldigvis kom det fort på plass ein ganske god straumstønad til oss med eige hushald. Frivillige lag og foreiningar får òg straumstønad.

Kyrkja har til nå ikkje fått nokon straumstønad, og her har kostnadene til straum meir enn dobla seg. Budsjettet var på kr 200.000. Til og med oktober har straumen kosta oss kr 380.000. Kommunestyret valde i haust å avslå søknaden om stønad, trass i oppmoding frå departement og minister om å løyve ekstra. Så nå går vi laus på sparepengane, og den kassa er ikkje utan botn.

For å halde kyrkjene opne og varme i advent- og joletider, har regjeringa løyvd ein eingongsstønad. Denne gjeld berre for desember og vil på langt nær dekkje kostnadene.

Soknerådet har vedteke ei rekkje tiltak for å spare straum. Det du vil merke best, er at vi har skrudd ned temperaturen til 18 °C, så kle deg deretter når du kjem til kyrkja.

Vil du vere med å gjere kyrkjene varmare i vinter?

Send kr 200,- eller valfritt beløp til

- **bankkonto 2660.45.14648**, eller til
- **Vipps nr 3850** (bruk kategori 5 eller 10).
- Merk innbetalinga med **'KYRKJEVARME'**.



Hjarteleg takk for di gåve, og god jol!

Kvittering		
Innbetalt til konto	Beløp	Betalersens kontonummer
2660.45.14648	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Betalingsinformasjon	GIRO	
	Underskrift ved girering <input type="text"/>	
Betalt av <input type="text"/>	Betalt til <input type="text"/>	
	Kviteseid sokn Kviteseidgata 13 3850 Kviteseid	
Kroner	Øre	Til konto
	< >	2660.45.14648



BARNAS

Finne 10 namn og ord frå juleevangeliet frå juleforteljinga

Namna på ti namn og ord frå juleevangeliet er gøymt inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover. Finn du alle?

Å	F	J	O	D	E	L	I	J	O
U	B	E	T	L	E	H	E	M	A
M	E	S	S	I	A	S	N	A	U
U	L	U	I	G	U	G	G	R	G
J	O	S	E	F	F	J	E	I	U
O	L	P	Å	S	W	E	L	A	S
N	A	S	A	R	E	T	X	Ø	T
S	M	A	K	K	I	A	L	F	U
I	P	S	I	D	U	R	K	I	S
K	R	U	B	B	E	A	Y	V	I
I	R	A	B	A	B	R	A	B	Ø




Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Fargelegg!



Finne fem feil!

Engelen fortel gjetarane på marka nyheten om Jesu fødsel. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Asbjørn Tønnesen



KVA ER DI TENESTE?

I i livet er det mange slags tenester vi kan vere med på. Kva trivst du best med? Kva seier familie og vener om kva du er god på? Kva gjer du når du vil hjelpe andre?

I Noreg er vi gode på dugnad. Nokon gjer det med glede, andre synest dei må. Vi bidreg til fellesskapet, for eigen eller bornas trivsel, for skuleturen, korpset, idretten, saniteten, velforeininga og mykje anna

I kyrkja er det òg mange oppgåver og tenester, og mange frivillige er med.

Nokon gjer ting dei er gode på, andre ser vi igjen i mange samanhengar og i forskjellige oppgåver. Noko skjer i kyrkja, mellom anna for born og unge. Nokon besøker sjuke og einsame, nokon lagar til mat og fest. Noko

skjer i komitear og utval. Nokon har si oppgåve eller teneste i det skjulte. Nokon ber, og nokon gjev pengar. Nokon sender litt når giroen i Kyrkjebladet kjem, andre gjev kollekt på gudstenestene i kyrkja, og nokon gjev månadleg faste gåver med avtalegiro.

Kyrkja treng deg! Vi treng kvarandre. Kva vil du vere med på? Kontakt soknepresten eller andre om du har noko du gjerne vil gjere.



Her set vi litt fokus på å gje pengar.

Kvifor det? Jo, fordi alt det vi held på med av gode ting, har ein pris. Det kostar å gje biblar til konfirmantane, kjøpe blomar til jubilarar, løne diakon og trusopplærar, kjøpe bøker til 4-åringane og adventskalender til 5-åringane. Det kostar å leige eller varme opp lokale.

Du kjenner uttrykket ‘Mange bekkar små, gjer ei stor å’. Kviteseingar veit kva åi er. Gjer vi alle litt, så blir det til saman mykje! Over 70 % av Kviteseids innbyggjarar er medlemar i kyrkja. Potensialet er stort.

Tenk om kvar husstand kunne gjeve 100 kr kvar månad! Alle vil eller kan ikkje det, men vil DU vere med?

Ikkje bli overraska om ein i soknerådet eller andre utfordrar deg direkte til å vere med på dette.



Vi har gjort det enkelt for deg å gje eit fast beløp.

Har du tilgang til internett, så gå til **www.kviteseid.sokn.no** og finn 'Gi ei GÅVE' i menyen. Vel du AvtaleGiro eller Faste trekk via Vipps, kjem du til ei gjevvarside for faste månadlege gåver. Du fullfører med den typen bankID du bruker.

Vi kan sende deg ein link til sida nemnt over på sms eller mail, eller vi kan sende ein papirblankett for utfylling og underskriving, om du heller vil det.

Du kan gje over bank til nr 2660.45.14648 så ofte du vil, eller ordne med faste trekk sjølv.

Vipps har òg gjort det enkelt for oss å gje. Besøk oss på vipps nr 3850. (Der kan du òg registrere om du vil ha skattefrådrag.)

TAKK for di gåve!

Over giro i kyrkjebladet har det så langt i år blitt gjeve kr 10.600 fordelt på 33 enkeltgåver. Halvparten kom etter kyrkjeblad nr 3 tidlegare i haust. Vi har registrert over 200 personar som har gjeve på denne måten dei siste 5-6 åra. 4 nummer i året kostar oss kr 80.000 i trykking og porto, altså om lag kr 20.000 for kvart nummer. Det er ikkje sikkert at vi får til å sende ut eit takkebrev til kvar gjevvar.

Fast gjevarteneste er det 17 personar som har i dag. Dei gjev nær 6.000 kvar månad, som samla blir over 70.000 kvart år!

Kontakt oss

Om du vil ha hjelp til noko av dette, eller har spørsmål, så kontakt gjerne kyrkjeverja på telefon 97047860 eller på e-post post@kyrkjetrappa.no.

Du kan få skattefrådrag!

Tenk så fint! Styresmaktene vil løne deg som gjer! Alle gåver som samla i eit år blir mellom kr 500 og 20.000, får du automatisk 20 % i skattefrådrag for. For kvar 1000 kr du gjer, får du kr 200 i skattelette. Det einaste du treng å gjere, er å gje oss melding om at du vil ha det, ved å sende oss personnummeret ditt. Dette gjeld gåver på giro, vipps og avtalegiro. Vi har òg ordning for å få skattefrådrag for kontantbeløp. Då må du kontakte kyrkjekontoret.

Livets gong

Døypete

Brunkeberg:

Emil Andresen Svanajord
Vetle Andresen Svanajord
Kristoffer Ljones Haugan
Julie Ljones Haugan

Kviteseid:

Vetle Marumsrud Snaunes
Thor Sebastian Fjeldstad

Vigde

Vrådal:

Marianne Jamgrav Grave og
Robert Olsson

Døde

Brunkeberg:

Sveinung A. Groven

Kviteseid:

Toril Vigdis Snøås Draugedalen

Misjonshuset i Kviteseid

Møtene for våren er under planlegging.

JANUAR

- 10.01. kl. 19.30: Tysdagsmøte.
Dag Erik Asdahl
- 15.01. kl. 17.00: Nattverdmøte
med kveldsmat
- 17.01. kl. 19.30: Tysdagsmøte.
Dag Erik Asdahl
- 22.01. FELLES FAMILIEMØTE
- 24.01. kl. 19.30: Tysdagsmøte.
Dag Erik Asdahl
- 29.01. kl. 11.00: 0-100 med søndags-
skule og kaffimat
- 31.01. kl. 19.30: Tysdagsmøte.
Dag Erik Asdahl

FEBRUAR

- 12.02. kl. 17.00: Nattverdmøte
med kveldsmat
- 14.02. kl. 19.30: Tysdagsmøte
- 21.02. kl. 19.30: Tysdagsmøte
- 26.02. kl. 17.00: Familiemøte
med kveldsmat

- 28.02. kl. 19.30: Tysdagsmøte. John Olav
og Kristine G. Selstø

MARS

- 07.03. kl. 19.00: Samtalekveld
med kveldsmat
- 10.-12.03: FELLES MØTER
- 14.03. kl. 19.30: Tysdagsmøte
- 19.03. kl. 17.00: 0-100 med søndags-
skule med vafler
Åge Solsvik
- 21.03. kl. 19.30: Tysdagsmøte
- 26.03. kl. 17.00: Nattverdmøte med
kveldsmat
- 28.03. kl. 19.30: Tysdagsmøte

APRIL

- 02.04. kl. 11.00: Familiemøte og middag
på Kvitsund. Lars Petter
Ødegård
- 04.04. kl. 19.30: Tysdagsmøte
- 06.04. kl. 18.00: Nattverd og songmøte

Oppslagstavla

Dåp- konfirmasjon – vigsel?

På vår nettside kan du mellom anna melde dåp, konfirmasjon og vigsel:
www.kviteseid.sokn.no

Ønsker du skyss til gudsteneste?

Ring Kirsti Skjæveland tlf. 412 64 364.

Besøksteneste

Ønsker du å få besøk av nokon som kan komme jamleg for å prate i lag, gå ein tur, eller anna. Ta kontakt med Kirsti Skjæveland på tlf. 412 64 364.

Soknebod

Har du vanskeleg for å komme til kyrkja og ynskjer å ta imot nattverd i privat heim eller på ein institusjon? Ta kontakt med prest, Møyfrid Lunde mob. 469 07 231 eller med prostidiakon Eilev Erikstein mob. 911 13 580.

Trusopplærings-abonnement

Har du barn som ikkje er medlem i kyrkja, men ynskjer at dei skal få tilbod om trusopplæring tilpassa barnets alder? Dette kan du registrere på kirken.no/minside.

Tilbodet er ope òg for føresette som ikkje sjølv er medlem.

Felles bøn for Kviteseid

Tysdagane: 31. januar – 28. februar – 28. mars kl. 18.30 på Misjonshuset

Fellesmøter

Felles familiemøte 22. januar kl. 16 på Misjonshuset
Felles møtehelg 10.-12. mars i Kviteseid kyrkje

Sundagsskulen

Det er sundagsskule i Kviteseid kyrkje samstundes med gudstenesta når det ikkje er familiegudsteneste.

Dåpsgåver

Dei døypte som er født i 2021, 2020 og 2019 får eigen invitasjon til gudstenesta 8. januar då det vert utdeling av gåver til bruk i heimen.

Tårnagenthelg

3. klassingar vert invitert til å delta på tårnagenthelg laurdag 11. februar og deltek på gudstenesta 12. februar.



Ta godt imot konfirmantar og andre børsberarar i årets fasteaksjon!

RETURADRESSE: KYRKJEKONTORET - KVITSEIDGATA 13, 3850 KVITSEID

Gudstenesteliste

JANUAR

Sundag 1. Inga gudsteneste

Sundag 8. Kristi openberringsdag

– Matt 2,1-12

Brunkeberg kyrkje kl.

11.00. Familiegudsteneste. Utdeling av dåpsgaver 1-3år. Møyfrid Lunde.

Sundag 15. 2. søndag i openberringtida

– Matt 3,13-17

Kviteseid kyrkje kl. 11.00. Gudsteneste. Sondagsskule. Møyfrid Lunde.

Sundag 22. Inga gudsteneste. Felles familiemøte kl. 16.00.

Sundag 29. 4. søndag i openberringstida

– Luk 18,35-43

Vrådal kyrkje kl. 11.00. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.

FEBRUAR

Sundag 5. Såmannssundag

– Luk 8,4-15

Kviteseid kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste. Møyfrid Lunde.

Sundag 12. Kristi Forklåringsdag

– Matt 17,1-9

Brunkeberg kyrkje kl. 11.00. Gudsteneste. Møyfrid Lunde og tårnagentane deltek.

Sundag 19. Inga gudsteneste

Sundag 26. 1. søndag i fastetida

– Matt 4,1-11

Vrådal kyrkje kl. 11.00. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.

MARS

Sundag 5. 2. søndag i fastetida

– Matt 15,21-28

Kviteseid kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste. Møyfrid Lunde

Sundag 12. 3. søndag i fastetida – Luk 11,14-28

Brunkeberg kyrkje kl. 11.00. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.

Sundag 19. Inga gudsteneste

Sundag 26. Maria bodskapsdag

– Luk 1,26-38

Vrådal kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste. Møyfrid Lunde

APRIL

Sundag 2. Inga gudsteneste